

Naboar og offentlege instansar

Vår ref.: 614515/toaa

Bergen, 22. september 2014

Hedlo, Knapskog

Gnr. 30, bnr. 50, 330, 485 m fl

Varsel om utviding av reguleringsplan, detaljplan.


I samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8 vert det med dette varsla at Multiconsult på oppdrag frå Knapskog panorama utvidar pågåande arbeid med detaljplan for bustader på Knapskog.

Utvidinga av planområdet gjeld i hovudsak vegen Hedlo frå skuletomten til undergangen under Skjergardsvegen, samt tilliggande eigedomer.

Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan. Det skal regulerast for bustader / leiligheitar, veg, parkering, uteareal og ein gangveg gjennom området.


Utvidinga gjerast for å regulera Hedlo med fortau frå skulen til undergangen under fylkesveg 561, Skjergardsvegen.

*Utvidinga av plangrensa er vist med grå skarvur
Heile planavgrensinga er vist med stipla avgrensing*




Bakgrunn for reguleringsplanarbeidet

Området ein ynskjer å utarbeida reguleringsplan for er i gjeldande kommuneplan (2011-2022) vist som byggeområde for skule og som noverande byggeområde og Landbruks-, natur og friluftsområde. Skuleområdet er selt av Fjell kommune og omdisponering til bustadformål var ein premiss i salet. Langs Hedlo skal vegen utbetrast med fortau frå skulen til undergangen under fylkesvegen.



Gjeldande planar i området

Forslag til reguleringsplan grenser til og vil overlappa mindre del av reguleringsplanane for:



Bebyggelsesplan 37-1 UP Knappskog (30-16 mfl). Planid 1989 0007

I arbeidet med reguleringsplanen vil ein sjå på dei 2 regulerte tomtene i reguleringsplan for Bjørgamarka 2 for einebustader på nytt. Den regulerte gangvegen skal oppretthaldast, men vil kunne verte flytta i ny reguleringsplan.

Bebyggelsesplan for UP 37-3 Hedlo, Knappskog (30-446). Plan id 1993 0005

Regulerer avkjørsle frå Hedlo til Skjergardsvegen. Nytt planarbeid vil regulere fortau og dermed endre ein del av Hedlo.

Saksgang

Oppstart av planarbeid vert sendt til naboar og offentlige og private instansar med brev. I tillegg vert det kunngjort oppstart av planarbeidet i Vestnytt og på nettsidene til Fjell kommune og Multiconsult. Mottatte innspel og merknader vil verta tekne med i arbeidet med utforming av forslag til reguleringsplan. Notat med oppsummering og kommentar til mottatte merknader vil verta lagt ved forslag til reguleringsplan ved innsending til kommunen.

Merknader og innspel

Eventuelle merknader og innspel til planarbeidet sendes skriftlig **innan 04.11.2014** til:

Multiconsult, Nesttunbrekka 99, 5221 BERGEN eller

E-post: torunn.asheim@multiconsult.no

Informasjon om planarbeidet er tilgjenge på www.multiconsult.no/aktuelt under kunngjøringar.

Venleg helsing
for MULTICONSULT

Torunn Åsheim

Vedlegg:
Kart med planavgrensing